# Radøy kommune
Teknisk forvaltning

Vetås bygdelag

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 30.06.2015 |
| Vår: 15/334 - 15/7797 | kjartan.medaas@radoy.kommune.no | |

## Svar på søknad - tilrettelegging av stiar på Vetås

Viser til søknad om midlar til tilrettelegging av stiar til Vetås-bygda.

Radøy kommune har kjøpt inn terrasseskruar (2 pakkar à 250 skruar), to rastebenkar og to stk gjerdeklyv til utplassering langs desse stiane. Benkane og gjerdeklyva skal plasserast som skildra i søknaden. Radøy kommune vil i tillegg kjøpa inn steinheller frå Hallgeir Vetås til plassering i stien.

Før ein set i gang med utplassering av benkar, gjerdeklyv og steinheller, må det liggja føre underteikna grunneigaravtalar. Avtalane som skal nyttast får de hjå Radøy kommune, og dei må leverast kommunen når dei er underskrivne. Det må også underteiknast avtale mellom Vetås bygdelag og Radøy kommune om vedlikehald av stiane.

Etter grunneigaravtalar er på plass, kan benkar og gjerdeklyv kan hentast på Manger etter avtale med kultur- og sørvistorget på tlf. 56 34 90 00 eller på e-post: postmottak@radoy.kommune.no, og steinheller hentast hjå Hallgeir Vetås etter avtale med han.

Med helsing

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Vetås bygdelag